



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

Vår dato: **08 AUG 2011**

Vår ref.: NVE 200904873-8 ki/sbi

Arkiv: 312 /061.4C1

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Sigrun Birkeland Rawcliffe

22 95 93 16

Norsk Grønnkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Herfindalen kraftverk i Vaksdal kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Norsk Grønnkraft datert 24.06.2011, om løyve til bygging av Herfindalen kraftverk i Vaksdal kommune.

Herfindalen kraftverk vil nytte eit fall på 268 m i Vaksdalselva frå inntak i Buhellervatn på kote 628 til kraftstasjonen i Halvgjedalen på kote 360. Vassdraget er regulert og nyttast i dag i Ardalen og Møllen kraftverk. Herfindalen kraftverk vil nytte eksisterande reguleringsmagasin, i hovudsak Fossavatn og Flatavatn. Fossavatn vil regulerast innanfor gjeldane reguleringsgrenser og vil overførast til inntaksmagasinet i Buhellervatn via ein om lag 80 m lang kanal.

Kraftstasjonen er planlagt med installert yting på 3,1 MW som vil gi ein årleg middelproduksjon på 11,8 GWh. Røyrsgata på 2090 m skal leggst i nedgrave grøft i heile lengda. Det vil vere naudsynt med ein del sprenging, særleg på øvre del av røyrtraseen. Det må byggast ein ca. 500 m lang veg fram til kraftstasjonen og ein permanent anleggsveg/skogsbilveg som skal følgje røyrгатetraseen frå kraftstasjonen og opp til inntaket.

Søkar foreslår å sleppe ei minstevassføring frå Fossavatn på 50 l/s i sommarhalvåret og 20 l/s i vinterhalvåret. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket i Buhellervatn.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Herfindalen kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Tone Hisdal på tlf. 69 11 25 10 eller e-post: tone.hisdal@norskgronnkraft.no.

NVE ber Vaksdal kommune om å leggje to eksemplar av søknaden ut til offentlig ettersyn på kommunen sitt kundetorg fram til **3.10.2011**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst


Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **3. oktober 2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Sigrun Birkeland Rawcliffe
overingeniør

Vedlegg: Søknader til kommunen
Kunngjeringsteksten
Adresseliste
Informasjonsbrosjyre om sakshandsaminga

Kopi: Norsk Grønnkraft AS, P.O. Box 5211 Majorstuen, 0303 OSLO

Adresseliste for: Bygging av Herfindalen kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Avis-Hordaland og VaksdalPosten

Tal på søknader	Namn/adresse
3	Vaksdal kommune, 5722 DALEKVAM
	Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN,
	Statens vegvesen, Region Vest, Postboks 168, 6861 LEIKANGER
	Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201 Sentrum, 5807 BERGEN
	NJFF-Hordaland, Tverrgaten 4/6, 5017 BERGEN
	Bergen og omland friluftsråd, Hellebakken 45, 5039 BERGEN
	FNF Hordaland v/ Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
	Bergen Turlag, Tverrgt. 4-6, 5017 BERGEN
	BKK Nett AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN
	BKK Produksjon AS, Krokstadvegen 37, 5020 BERGEN
	Interne i NVE:
1	KM/ias
1	KD/omin
1	ER/shs

- KUNNGJERING -

Norsk Grønnkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Herfindalen kraftverk i Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune

NVE har motteke ein søknad frå Norsk Grønnkraft AS om løyve til bygging av Herfindalen kraftverk i Vaksdal kommune.

Herfindalen kraftverk vil nytte eit fall på 268 m mellom inntak i Buhellervatn på kote 628 og kraftstasjonen på kote 360 i Halvgjedalen. Kraftverket vil nytte eksisterande regulering av Fossavatn og Flatavatn. Kraftstasjonen vil få ei yting på 3,1 MW som vil gi ein årleg middelproduksjon på 11,8 GWh. Røyrkata på ca. 2,1 km vil leggst i grøft i heile lengda. Det planleggast permanent veg til kraftstasjonen og vidare opp til inntaket. Søkar foreslår minstevassføringsslepp frå Fossavatn heile året og ingen slepp frå Buhellervatn.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn [plass for utlegging i kommunen] og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Tone Hisdal på tlf. 69 11 25 10 eller e-post: tone.hisdal@norskgronnkraft.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **03.10.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.



Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspentanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventet av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunnleggjande synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og mogeleg konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgivinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.